




REGIONALE  
FORSKINGSFOND  

---

VESTLAND



# ÅRS RAPPORT 2022



2022



## Innhald

Innleiing .....	3
Mål og prioriteringar .....	4
Styremedlemer .....	5
Fondsstyret sitt arbeid .....	5
Mobilisering og kommunikasjon .....	6
Utlysing og tildeling av forskingsmidlar .....	7
Resultatrapportering .....	8
Økonomi .....	9
Vedlegg 1: Oversikt over innvilga forprosjekt i 2022 .....	10
Vedlegg 2: Oversikt over innvilga hovudprosjekt i 2022.....	11

Foto framside: Morten Wanvik, Vestland fylkeskommune

## Innleiing

Dei regionale forskingsfonda vart oppretta gjennom eit stortingsvedtak i 2009, og Regionalt forskingsfond Vestland (RFF Vestland) er eit av elleve regionale forskingsfond i Noreg. Fondsregionane følgjer fylkesgrensene, og RFF Vestland støttar forskning som bidreg til innovasjon og verdiskaping i Vestland fylke.

I 2022 gav fondet støtte til fire hovudprosjekt og 20 forprosjekt. Med omsyn til kva ressursar som står til rådvelde, vurderer fondet det som ei god utvikling av prosjektporteføljen. Ved utgangen av året var det 13 aktive hovudprosjekt og 21 aktive forprosjekt. Prosjekta som fekk midlar i 2022 retta seg mot ei rekke ulike forskningstema som alle er viktige i eit regionalt perspektiv: klimaomstilling, grønt skifte, betre energiløysingar og berekraftig matproduksjon. Styret ser den store tematiske breidda i prosjekt som fekk midlar – frå fruktdyrking til materialteknologi – som eit tydeleg signal om at fondet når ut til svært mange delar av næringslivet i fylket.

Styret meiner elles at det framleis er god grunn til å følgje nøye med på den økonomiske situasjonen til dei regionale forskingsfonda. Budsjettveksten mange forventar i kjølvatnet av regionreforma kom ikkje, i staden har den statlege løyvinga til fonda blitt redusert år for år sidan 2020. Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet til RFF Vestland vart redusert med 3,5 millionar kroner frå 2021 til 2022. Dette er ei utvikling som etter styret sitt skjønner ikkje kan halde fram dersom fondet skal oppfylle rolla som ein viktig regional pådrivar for kunnskapsdriven innovasjon i åra som kjem. På sikt kan ei svekking av dei regionale forskingsfonda også svekke det fylkeskommunale nivået i forskings- og utviklingssystemet i Noreg.

Trass desse utfordringane opplevde fondet også i 2022 betydeleg interesse for utlysingane. Som ein konsekvens av reduserte løyvingar frå departementet, har fondet bevisst spissa utlysingane i retning av forprosjekt, noko som avspeglar seg i søknadsbunken. I 2022 fekk fondet 13 søknader om hovudprosjektmidlar og



Illustrasjon: Bulandet Miljøfisk

### Sirkulærøkonomi i landbasert oppdrett

Landbasert fiskeoppdrett har potensial til å gi auka verdiskaping i oppdrett utan auka miljøbelastning. Produksjon i lukka anlegg gjer det mogleg å samle opp og utnytte slam og næringsstoff frå anlegga. Bulandet Miljøfisk AS planlegg eit stort landbasert anlegg for laks og aure i Askvoll basert på gjennomstrøyming av sjøvatn. Dette er ei ny løysing der det vil gå meir enn hundre tusen liter sjøvatn i minuttet gjennom eit pilotanlegg, noko som gir behov for å etablere kunnskap om forventa utslepp og effekt av ulike reinsemetodar. Difor fullførte Bulandet Miljøfisk eit forprosjekt i 2022, støtta av RFF Vestland og i samarbeid med selskapa Akvahub AS og STIM AS.

Datamodellering viste at utan reinsing vil totalutsleppet frå anlegget vere på linje med andre landbaserte produksjonsløysingar per tonn produsert fisk. Utsleppa kan biologisk reduserast ved å endre kor fordøyeleg fôret er og ved å redusere fôrspill. Analysane viste at dei store vassmengdene som går gjennom anlegget, gjer at konsentrasjonen av slam og næringsstoff allereie er under formelle miljøkrav som vert stilte til avløpsvatn frå byar/tettstader. Reinsing er derfor ekstra utfordrande, men også nødvendig for å sikre minimal miljøbelastning og maksimal utnytting av slam og næringsstoff. Det vart identifisert ulike biologiske metodar for handtering og reinsing av slam, som til dømes bruk av tunikatar, som filtrerer partiklar, og sukkertare, som tek opp laust nitrogen. Partikkelfiltrering og vidare bruk i biogassanlegg er dei mest nærliggande reinsemetodane. Basert på funna frå forprosjektet planlegg Bulandet Miljøfisk å søke midlar til vidare forskning.

50 søknader om forprosjektmidlar. Styret meiner den store interessa for forprosjektmidlar viser at denne ordninga svarer til eit reelt behov i regionen. Nasjonale ordningar har i svært liten grad tilbod om lågterskelstøtte til forskning i veldig tidleg fase.

Fondet fekk mange søknader frå bedrifter og forskingsorganisasjonar i 2022, men kunne

ha ønskt seg fleire søknader frå kommunar i Vestland. Til gjengjeld har fondet lukkast godt med strategien om å få forskingsorganisasjonar til å inkludere kommunal sektor i søknader om støtte til samarbeidsprosjekt, ein søknadstype RFF Vestland innførte i 2020.

Samarbeidsprosjekta er leia av ein forskingsorganisasjon og skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som mellom anna kommunane treng for å møte viktige samfunnsutfordringar.



Illustrasjonsfoto: Steve Lynes/Wikimedia commons

### Taktisk trening på krisehandtering

Regionen vår opplever jamleg samfunnskritiske hendingar som stiller store krav til samhandling, innsats og problemløysing på tvers av sektorar og profesjonar. Brannane i Gudvangatunnelen, KNM Helge Ingstad-forliset i Hjeltefjorden, forgiftinga av drikkevannet på Askøy og helikopterstyrtten på Turøy er alle døme på situasjonar der avgjerdstakarar i naudetatane må ta vanskelege val på kort tid.

I 2022 vart det fullført eit forprosjekt leia av Senter for krisepsykologi som skal bidra til eit langsiktig mål om å styrke kapasiteten innan operativ samhandling og kriseleiing. Også Universitetet i Bergen, Bergen kommune, Haukeland universitetssjukehus og Sjøkrigsskolen deltok i prosjektet, som var støtta av RFF Vestland. Prosjektet har lagt eit forskingsbasert grunnlag for å utvikle systematisk trening av personell ved operasjonssentralar i å handtere komplekse og uføresette hendingar som krev samarbeid på tvers. Resultata frå prosjektet er spreidde gjennom eit titals seminar, foredrag og møte med mellom anna leiarar for Samfunnssikkerhetens hus i Bergen, innsatsleiarar i politiet, avgjerdstakarar i naudetatane og andre beredskapsressursar. Forskinga vil etter planen halde fram i eit større prosjekt som skal undersøke kva operasjonssentralar bør og kan trene på for å vere best mogleg førebudde på samfunnskritiske hendingar.

## Mål og prioriteringar

Mål og rammer for dei regionale forskingsfonda er definerte gjennom [ei eiga forskrift frå Kunnskapsdepartementet frå 2019](#).

### Formålet med dei regionale forskingsfonda

I § 2 i Forskrift om regionale forskingsfond frå Kunnskapsdepartementet heiter det mellom anna at fonda skal:

- *Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling*
- *Auke FoU-innsatsen i regionane*
- *Bidra til auka forskingskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane*
- *Arbeide for tett samspel mellom regionale aktivitetar og nasjonale og internasjonale program og aktivitetar*

Innanfor ramma av forskrifta gjev fylkestinga i dei ulike fondsregionane nærare føringar for verksemda i fonda.

Mål og prioriteringar for RFF Vestland for 2022 følgjer av vedtak i Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune 13. februar 2020.

### Hovudmål for arbeidet i 2022

RFF Vestland skal bidra til meir forskingsbasert kunnskap for eit innovativt og berekraftig Vestland med klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.

### Prioriterte forskningstema i 2022

For utlysinga av støtte til hovudprosjekt med tilsegn i januar 2022 var temaa:

- Klimaomstilling og grønt skifte
- Samfunnstryggleik og beredskap

For utlysinga av støtte til forprosjekt i 2022 var temaa:

1. Meir forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta industriutvikling:

- Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi
- Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning

- Bioøkonomi – «blå» og «grøn» produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar
- «Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

2. Ein offentleg sektor som saman med forskingsorganisasjonar utviklar og tek i bruk ny relevant kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet

- Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar
- Klimatilpassing – generell samfunnstryggleik og beredskap

## Styremedlemer

[Styret for RFF Vestland](#) for perioden 2020-2023 vart oppnemnt i Fylkesutvalet 30. januar 2020. Styret har sju medlemer; tre politisk oppnemnte og fire eksterne.

### Styremedlemer

Fylkesordførar Jon Askeland (styreleiar)  
 Tor André Ljosland (nestleiar), folkevald  
 Jana Midelfart Hoff, folkevald  
 Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet  
 Stein Harald Hjeltnes, Njøs frukt- og bærsenter  
 Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen  
 Kristin Kopperud Timberlid, Innovasjon Norge  
 Observatør Merete Lunde, Forskningsrådet

## Fondsstyret sitt arbeid

Fondsstyret hadde tre møte i 2022. Styret er opptatt av at fondet skal rekruttere nye bedrifter og kommunale aktørar til å ta i bruk forskning som middel til innovasjon. Difor har utlysing av forprosjekt stått sentralt i styrearbeidet, og kvart styremøte har gjort vedtak om tildeling av midlar til innleiande forskingsarbeid.

Frå 2022 har styret for RFF Vestland hatt ansvar for både FORREGION Vestland og RFF Vestland. Det er utvikla ein integrert styringsmodell som ser *mobilisering* til forskning og *finansiering* av forskning i samanheng, og vidareutvikling av dette samspelet har vore eit sentralt tema for styret i 2022.



Foto: Finn Måge/NIBIO

### Jaktar den optimale plomma

Kva smak vil norske forbrukarar helst ha på plommene? Kor faste må plommene vere ved hausting viss dei skal vere perfekte å bite i når dei når butikkane? Desse spørsmåla står sentralt i eit NIBIO-prosjekt som fekk ein halv million kroner i forprosjektmidlar frå RFF Vestland i 2022.

Tidleg hausta plommer toler transport og lagring betre, men plommer som får mogne lenger på trea, smakar betre. I forprosjektet vil NIBIO og partnerane Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager, Sogn frukt og grønt, Innvik Fruktlager og Fruktthagen Hardanger undersøke norske smakspreferansar for plommer. Dei vil også teste eit handheldt instrument for å måle fastleiken på plommene ved hausting. Eit verktøy for objektiv måling av fastleik kan gjere det lettare å finne optimal mogningsgrad ved hausting, slik at det blir lettare å tilby frukt med den smaken og kvaliteten forbrukarane vil ha. NIBIO håpar forprosjektet kan leggje grunnlaget for vidare forskning som kan gi betre økonomi i plommedyrkinga på Vestlandet. Målet er meir plommer med god smak og optimal kvalitet til marknaden til rett tid.

Som tidlegare år har styret lagt vekt på å samordne aktivitetane i fondet med nasjonale og internasjonale forskingsprogram og aktivitetar. Det er arbeidt aktivt for å koordinere verksemda i RFF Vestland med fylkeskommunen sine utviklingsmidlar og med støtteordningane til Innovasjon Norge.

Styret har lagt til rette for tett samarbeid med Forskningsrådet og har bidrege til å sikre kvalitet i alle ledd i fondet sitt arbeid; frå utlysing via vedtak om tildeling til oppfølging av prosjekt.

## Mobilisering og kommunikasjon

Det er ei sentral målsetting for RFF Vestland å mobilisere fleire bedrifter og kommunar i regionen til å ta i bruk forskning som verktøy for innovasjon, utvikling og verdiskaping. Ein viktig del av mobiliseringsarbeidet skjer gjennom [FORREGION Vestland](#), som er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet.

FORREGION Vestland tilbyr eit sett med verkemidlar for bedrifter som vil komme i gong med forskning, mellom anna gratis rådgiving gjennom kompetansemekling.

Kompetansemeklarane hjelper med å identifisere og konkretisere prosjektidear for forskning basert på utfordringar i bedriftene og bidreg til å knyte kontakt med relevante forskingsmiljø. I 2022 bidrog kompetansemekling frå FORREGION Vestland til 46 søknader frå bedrifter i fylket til regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering.

Under koronapandemien vart digitale prosjektverkstader eit viktig informasjons- og mobiliseringstiltak for fondet. I 2022 arrangerte RFF Vestland tre prosjektverkstader i samarbeid med FORREGION Vestland, KS i Vestland og Forskningsrådet sine regionansvarlege i Vestland. På verkstadene har meir enn 60 deltakarar frå kommunal sektor, næringsliv og forskingsmiljø fått informasjon om fondet sine støtteordningar, rettleiing i søknadsskriving og utvikling av forskingsprosjekt og tilbod om 1:1-rettleiing i ettertid.

Kommunikasjons- og informasjonsarbeidet i RFF Vestland er forankra i ein eigen strategi som skal sikre samsvar mellom langsiktige mål og kortsiktige informasjons- og kommunikasjonstiltak. Tiltaka skal mellom anna bidra til at fondet får flest mogleg relevante og gode søknader og til brei formidling av resultatane frå forskinga fondet bidreg til. Budsjettomsyn har gjort at fondet korkje i 2021 eller 2022 har hatt moglegheit til å drive populærvitskapeleg formidling på linje med tidlegare år. Sidan det er viktig for den langsiktige legitimiteten til RFF Vestland å skape merksemd om nyskapande forskning



Illustrasjonsfoto: Morten Wanvik, Vestland fylkeskommune

### Mindre vedlikehald med ny byggete metode

Ei av erfaringane KTV Group har gjort seg etter tiår med vedlikehald innan olje, gass og eigedom, er at skadar og slitasje på bygg ofte har samanheng med at det er brukt mange og ulike materiale. Særleg komposittmateriale – der to eller fleire materiale er blanda saman – gjev utfordringar. Svikt i eitt materiale får ofte ringverknader i andre. Selskapet utviklar derfor ein ny byggete metode – Styrobuild – der ein lagar konstruksjonar med berre to byggemateriale. Det kan både redusere behovet for vedlikehald og gjere det mykje lettare å resirkulere byggemateriala. Gjennom eit mobiliseringsprosjekt finansiert av FORREGION Vestland, etablerte KTV Group i 2022 eit samarbeid med forskingsinstituttet SINTEF. Midlane er brukte til å sikre tilgang på relevant spesialkompetanse innan bygg- og materialteknikk, til hospitering av ein SINTEF-forskar hos KTV Group, og ikkje minst til å få avdekt utfordringar som må løysast for å oppfylle gjeldande krav til styrke og branntryggleik.

Målet til KTV Group er å kunne bygge enklare, rimeligare, meir miljøvennlig og med mindre framtidige krav til vedlikehald. Stadt kommune vurderer å få oppført 50 nye bustadhus med den nye byggete metoden, og KTV Group kjem til å søke innovasjonsmidlar frå staten til utviklingsarbeidet.

støtta av fondet, er det ein ambisjon å ta dette arbeidet opp att i 2023.

Publisering i fagfelleurderte tidsskrift og andre fagpublikasjonar bidreg til å gjere nye forskingsfunn tilgjengeleg for det nasjonale og internasjonale forskarsamfunnet. Samanlikna med året før vart det i 2022 publisert vesentleg færre artiklar i vitskapelege tidsskrift frå forskingsprosjekt støtta av RFF Vestland. Dette kan ha samanheng med at det ikkje vart løyvd midlar til hovudprosjekt i 2020, og truleg også med tilfeldige variasjonar som skuldast at det ofte tar lang tid å få artiklar godkjende for

publisering i anerkjende tidsskrift. Talet på vitsskapelege artiklar frå prosjekta har også tidlegare variert mykje frå år til år.

For RFF Vestland er det viktig at støtte frå fondet fungerer som eit springbrett til andre støtteordningar og som ein motivasjon til å halde fram med forskingsdriven innovasjon. Gjennom ulike informasjonstiltak har fondet difor lagt stor vekt på å mobilisere til Forskingsrådet sine støtteordningar og EU-programmet Horisont Europa, som er verdas største forskings- og innovasjonsprogram. Styret finn det elles tilfredsstillande at heile 15 av 18 (83 %) forprosjekt som leverte sluttrapport i 2022, ville vidareføre forprosjektet i eit hovudprosjekt. Det viser at forprosjekta fungerer etter intensjonen og rekrutterer mange nye aktørar til å sjå forskning som eit langsiktig verkemiddel for utvikling og verdiskaping.

## Utlysing og tildeling av forskingsmidlar

Utlysingane frå fondet i 2022 var opne for bedrifter, kommunale organisasjonar og godkjende forskingsorganisasjonar med hovud- eller avdelingskontor i Vestland. Det vart lyst ut midlar både til forprosjekt, til regionale innovasjonsprosjekt i næringsliv og bedrifter og til regionale samarbeidsprosjekt for forskingsorganisasjonar. Målet med regionale samarbeidsprosjekt er både å utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som kommunal sektor eller næringslivet i Vestland treng for å møte aktuelle utfordringar; og å stimulere til innovasjon og berekraftig verdiskaping i Vestland.

Også i 2022 hadde fondet løpande behandling av søknader om forprosjektmidlar.

Forprosjektmidlar vert gitt til innleiande forskingsarbeid der målet er å utvikle gode forskingsprosjekt som kan kvalifisere til vidare støtte frå relevante ordningar. Fondet fekk totalt 50 søknader om forprosjektmidlar i 2022. Dette er ein liten nedgang frå førre året, men likevel eit tal som viser at dette er ei ordning det er behov for i regionen. Sju søknader vart avviste på grunn av formelle feil, og sjølv om




Foto: Kjetil Daae Lohne, NORCE

### Frå forprosjekt til hovudprosjekt

I 2021 fekk forskingsinstituttet NORCE forprosjektmidlar frå RFF Vestland for å sjå om ultralyd var eigna til å undersøke helsetilstanden til brukte litiumbatteri. Resultata frå forsøk med einstilte battericeller var lovande. I 2022 løyvde fondet difor tre millionar til eit hovudprosjekt der forskarane skal bruke ultralyd til systematiske analysar av til dømes brukte elbilbatteri og batteri frå marine framdriftssystem. Denne typen ultralydundersøkingar på store og komplekse høgenergibatteri er ikkje gjort tidlegare.

Hovudmålet med prosjektet er å utvikle gode ultralydmetodar for sortering av brukte litiumbatteri, slik at battericeller og modular i god stand kan gå til gjenbruk og resten til attvinning. Batteri har ein nøkkelrolle i det grønne skiftet – særleg innan transport på land og til havs – og i åra som kjem vil det bli skifta ut enorme mengder litiumbatteri. Elbilbatteri vert til dømes rekna som mogne for utskifting ved 80 % av opphavg kapasitet, sjølv om mange battericeller og modular framleis er brukbare. Forsking som kan bidra til sikker og effektiv resirkulering av desse ressursane, er viktig for å sikre berekraftig elektrifisering av samfunnet.

Prosjektet er eit samarbeid mellom forskarar ved NORCE og Institutt for energiteknikk (IFE) og bedriftene AS Batteriretur, Corvus Energy AS, Hydro Energi AS og Evyon AS.

dette talet er lågare enn i 2021, vil styret fortsatt legge vekt på tiltak for å redusere formaliafeil ytterlegare.

Fondet innvilga totalt 9 millionar kroner til 20 forprosjekt (sjå vedlegg 1 for oversikt over forprosjekta som fekk midlar). Det betyr at 47 % av søknadene utan formelle feil vart innvilga. Dette er noko lågare enn dei to førre åra (h.v. 64 % i 2020 og 56 % i 2021), og fondsstyret trur det er viktig å sjå til at ordninga held fram som eit lågterskeltiltak der søkarane har god moglegheit for å få utteljing.

Fondet hadde ei utlysning av hovudprosjektmidlar i 2022 og fekk totalt 13 søknader. Dette er noko lågare enn tidlegare år, noko som truleg avspeglar ei erkjenning blant potensielle søkarar om at fondet har færre midlar til rådvelde enn før. I 2022 var det lyst ut inntil 10 millionar kroner. Utlysinga var tematisk avgrensa til to tema: 1) Klimaomstilling og grønt skifte; og 2) Samfunnstryggleik og beredskap.



Foto: Einar Bye-Ingebrigtsen, NORCE

### Kartla mikroplast i byen

Mikroplast i miljøet er eit globalt problem, men medan mikroplast i havet har fått stor internasjonal merksemd, er det førebels forska lite på mikroplast i byar. Prosjektet «Kartlegging av mikroplast i bymiljø», som Bergen kommune og forskingsinstituttet NORCE har gjennomført med tre millionar i støtte frå RFF Vestland, kan difor karakteriserast som banebrytande. Forskarane har både kartlagt omfanget av mikroplast i Bergen og identifisert sentrale kjelder til forureininga.

Forskarane fann betydeleg større konsentrasjonar av mikroplast på land enn i havet – det var faktisk tusen gonger meir mikroplast i byen enn høgaste konsentrasjon målt i ein urban fjord med same målemetode. Det var klar samanheng mellom trafikkmengde og omfanget av mikroplast, og konsentrasjonen var aller høgast ved knutepunkt for tungtrafikk. Det tyder på at bildekk er ei hovudkjelde til mikroplast og at hyppigare kosting kan vere eit effektivt mottiltak, men det var også svært mykje mikroplast som kan stamme frå emballasje og privat forbruk. Forskarane fann også mykje mikroplast i sandfangskummar som tek imot overvatn frå gatene.

Samtidig som forskinga gjer det lettare for Bergen kommune å finne gode tiltak mot spreining av mikroplast, bidreg den også med nyttig kunnskap for andre byar og bynære strøk i inn- og utland.

Fire prosjekt – alle regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet – vart tildelt til saman 8,6 millionar kroner (sjå oversikt over prosjekta i vedlegg 2). Det svarer til ein tilslagsprosent på rundt 32 %.

## Resultatrapportering

Dei elleve forprosjekta som leverte sluttrapportar i 2021 etter fullført forskning, hadde i all hovudsak nådd oppsette mål og delmål i prosjekta. Et klart fleirtal meinte at prosjektet deira hadde gitt tettare samarbeid med eksisterande partnarar innan forskning og næringsliv. Eit fleirtal rapporterte dessutan at prosjektet hadde ført til nye og viktige samarbeidspartnarar innan forskning, næringsliv eller kommunal sektor.

Av dei tre hovudprosjekta som leverte sluttrapport i 2022, hadde alle nådd hovudmålet med forskinga, mens to av tre hadde nådd alle delmål. To hadde også planar om å søke om nye forskingsmidlar. Med tanke på at forskning alltid inneber risiko for at du ikkje får dei funna du ønskjer, oppfattar fondsstyret dette som sær gode resultat.

Samla fekk RFF Vestland 31 framdrifts- eller sluttrapportar frå aktive eller nyleg avslutta forprosjekt og hovudprosjekt i 2022. Dette er nokre av dei viktigaste resultatane:

### Resultat frå prosjekt støtta av RFF Vestland

Nye/forbetra produkt/tenester	30
Nye/forbetra prosessar	34
Søkte patent	8
Ny verksemd/nye føretak	3
Nye forretningsområde	6
Forbetra metode/teknologi	13
Nye/forbetra arbeidsprosessar/forretningsmodellar	48



## Økonomi

Tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til RFF Vestland i 2022 var på 15,4 millionar kroner. Styret vedtok i 2020 ei viss forskotering av tilsegnsmidlar som er vidareført også i 2022. Målsetnaden er å få pengane raskt i arbeid, og med forskoteringa har fondet oppnådd betre balanse mellom tildelingar og faktisk bruk av midlar. Forskoteringa for 2022 var på 9 millionar kroner.

<b>Inntekter</b>	
Løyving frå KD	15 399 000
Renteinntekter	1 048 860
<b>Sum inntekter</b>	<b>16 477 860</b>
<b>Utgifter</b>	
Utgifter administrasjon/styre	1 638 774
Utbetalt støtte forskingsprosjekt	19 342 300
<b>Sum utgifter</b>	<b>20 981 074</b>

<b>Sum egedelar per 01.01</b>	<b>26 695 409</b>
Inntekter; løyving KD + renter	16 477 860
Kostnader; støtte til prosjekt og administrasjon/styre	20 981 074
<b>Sum egedelar per 31.12</b>	<b>22 192 195</b>
Forskotert frå framtidig løyving KD	9 000 000
Sum egedelar og forskoterte midlar	31 192 195
Bundne/disponerte midlar til prosjekt	29 482 917
<b>Til disposisjon i 2023</b>	<b>1 709 278</b>



## Vedlegg 2: Oversikt over innvilga hovudprosjekt i 2022

Prosjekt	Prosjektansvarleg	Støttebeløp
Tidleg gjødsling og hausting for meir og betre grovfôr	NIBIO	2 525 000
Kombinert produksjon av konsumrogn og matfisk av ørret etter ett år i sjø	SVANØY HAVBRUK AS	2 000 000
Måling og analyse av litiumbatterier og batterimoduler med hjelp av ultralyd	NORCE	3 000 000
Stirling-kryokjøling for småskala-flytendegjøring av hydrogen	ENERIN AS	1 043 000
<b>SUM</b>		<b>8 568 000</b>



REGIONALE  
FORSKINGSFOND

---

VESTLAND

[www.regionaleforskningsfond.no/vestland](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestland)